

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Husnes, 14.04.11

Ref: 2010/05024 ME/ME3 HHO:elt

Høyringsfråsegn frå Kvinnheringen til NOU 2010:14 Lett å komme til orde – vanskelig å bli hørt

Viser til departementets høringsbrev av 17 januar 2011.

Mange honnørord og mykje interessant å finna i mediemeldinga, som er lagt fram for høring frå Kulturdepartementet.

I og med at vi er ei lokalavis speglar kommentarane til mediestøtteutvalet det som handlar om rammevilkåra for lokalavisene.

Kvinnheringen kjem ut på Husnes, kommunesenteret i Kvinnherad i Sunnhordland. Det er ei industri- og turistikommune med 13 243 innbyggjarar.

A-pressen kjøpte avisa i 1998. Vi har følgjande formål for avisa i vedtektene for selskapet:

Selskapet sitt føremål er å gje ut avisa Kvinnheringen og å driva handelsverksemd og anna verksemd som står i samband med dette. Avisa skal vere ei politisk uavhengig lokalavis.

Avisa har hovudredaksjon på Husnes og lokalkontor i Rosendal. Vi er i alt 18 tilsette og den trykte utgåva kjem ut måndag, onsdag og fredag.

Opplaget i 2010 var 4,458. Det var 44 færre enn året før. 11,000 les kvar utgåve av avisa. Så å seie alle vaksne i kommunen les dermed Kvinnheringen.

Kvinnheringen fekk i 2010 567,943 kroner i produksjonstilskot.

Kvinnheringen er største avisa i kommunen. Grenda, som kjem ut i Rosendal i same kommunen, har eit opplag på 2,376 og fikk i 2010 728,353 kroner i produksjonstilskot.

Blant industribedriftene i Kvinnherad kan nemnast Sør-Norge Aluminium, Eidsvik Skipsbyggeri, Hellesøy Verft, Bergen Group på Halsnøy, Umoe Schat-

Harding, Norsafe, Eide Marine Tech og Noreq. Kvinnherad har også kjende turistmål som Bondhusbreen og Baroniet i Rosendal.

Både Kvinnheringen og Grenda er små aviser, med tronge økonomiske rammer. Pressestøtta er derfor viktig.

Når det gjeld moms på avis, vil vi rå ifrå å innføre det, slik det blir foreslått i omfordelingsalternativet (8 %) og i særmerknaden (25 %) frå to av medlemmene i utvalet.

Vi støttar fritaket for moms på trykt avis frå fleirmedialitetsalternativet, og meiner det bør utvidast til å omfatte også den digitale utgåva av avis. Det bør vere 0 moms både på elektronisk avis og papiravis.

Etter vår meining har vi hatt ei pressestøtte som har fungert bra sidan oppstarten. Vi ser få gode grunnar til å endre nemneverdig på støtteordninga. For det første er det i all hovudsak media som har papiravis, som og er dei som driv nettavisene. Etter vår meining har ikkje tidlegare støttesystem vore dempende på utviklinga, tvert i mot. Hovudinntektskjelda for å få til utviklinga på nett kjem for dei fleste avisene fortsett frå inntekter frå papiravisa.

For lokalavisene sin del er det særst vanskeleg å tena pengar på ei nettavis, og enklare blir det neppe i framtida. For lokalsamfunn som er avhengige av sine lokalaviser vil det vera særst uheldig med store endringar i mediestøtta, med ei flytting til nettstøtte.

Ei støtteordning basert på redaksjonelle kostnader og prosjektstøtte vil truleg råka lokalavisene hardt, og i så måte er omfordelingsalternativet ikkje bra.

Det er og viktig at gruppa frå 4-6000 i opplag framleis får halda den støtta som er. Ei fjerning av støtta til denne avisgruppa vil gje lesarane deira ei dårlegare avis. Desse avisene står i ei gruppe der ein ikkje er bitte små og ei heller store. For denne gruppa er framtida veldig usikker. Her veit ein ikkje heilt kor ein skal gå når det gjeld satsing innafor nett, ipad og andre digitale medier. Dette i hovudsak fordi det er svært vanskeleg å forutsjå den økonomiske utviklinga, anna enn at den truleg vil bli tøffare.

Ein reduksjon av pressestøtta til den gruppa vil skapa store vanskar, spesielt med omsyn til vidareutvikling av noko som alt er vanskeleg. I utgangspunktet treng ein å styrka kompetansen både innan teknologi og i redaksjonane. Skulle pressestøtta forsvinna vil det ikkje finnast ressursar til å driva teknologisk nyvinning eller til å styrka redaksjonane. Tvert i mot vil det svekka avisproduktet til ei avisgruppe, som for tida slit med opplaget.

Det er dessutan slik at ikkje alle i gruppa 4-6000 går veldig bra. Utan pressestøtta ville ein nok vore utan fleire av dei viktige avisene i denne avisgruppa.

Å ta vekk støtta til 4-6000 i heilskap kan føra til avisdød, dårlegare aviser og svekka kvalitet på avisene. Det kan ikkje vera heldig i ein periode der ein rop og skrik på høgare kvalitet.

Ein må og ta med at avisene i denne gruppa har fått ei viktigare og viktigare rolle i sine lokalsamfunn med åra. Regionavisene har i seinare år kraftig redusert sin innsats i kommunar lenger vekk frå byane, noko som har gjort at lokalavisene i langt større grad enn før er viktige for sine lokalsamfunn. Er det noko ein ikkje treng så er det svekka lokaldemokrati gjennom dårlegare aviser.

Ei auka støtte vil derimot gje betre aviser og meir lokaldemokrati.

Venleg helsing
KVINNHERINGEN AS

Tomas Bruvik
Ansvarleg redaktør